

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3

Fylke: Buskerud

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Stal

Emne: Brynet

Bygdelag: Nordbygd

Oppskr. av: Asle Kirkedalen

Gard: Kirkedalen

(adresse): Løvdal

G.nr. 64 Br.nr. 3-4-6

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Brynet (eit) er ein stein til aa krossi-eggjern med, som vist har vore i bruk i umindlige tider.

1. Noko anna, ell bryne har eg ikkje hørt her, ja kanskje det vert sagt brynistein.
2. No brukar dei mest bryner av karnstein men det er no dei sjeldste 10-15 aari det har vorte aalment. Her i bygdi fins nok ikkje stein til bryner, men me laut kjøpe bryner hjaa handelsmannen, og kor dei kom ifraa har eg ikkje hørt um.
3. Vanleg er det òlik at alle ridskap med egg lgt slipast paa slipstein naar eggi vert for tjukt, men dei lgt kveta (bryne, krossi) etterpaa, likeso maa dei kveta att flere gonger naar ridskapen vert skjmd. Finare ridskap t.d. barberblad brukar dei helst smergelsteine att.
4. Det er nok ingen no som hugsar til dei gaaer, som kallast "Synningar", men eg har aasjitt slike gaa aa swalla ved folk som har bruket slike.

2

Kven det var som smiddes disse tynningsgaa, det kan eg ikkje seigja for vist, men det var vel helst av smeder som var i bygdi. Naar gaaen vart for tjuvok, laut du aat smium, aa "tynne" det vil seigja du banka gaaen tynnare aat eggen. So hadde du eit lite smusted med eit steaar med, der du drog eggi fram og attende, so den vart jamn og fin. So verma du gaaen att aa drog den sama- lunds i eit steaar i ein kubbe ell i ein stok i smiumveggen, so eggi vart endaa veltare. So "holde" (herda) du den, og so kunna du binde i "orve". Dei la daa orve ned paa markei med gaaen upp, aa tok so gaaekniven aa skrapa fram, og attende etter eggi, tok so brynet og kvatte, dermed var du ferdege til aa slaa.

Summe av disse tynningsarne vart svært bevisse seggest det, so du slo gjerne heile dagen med sama gaaen. Vart gaaen for tjuvok so slifte du paa slipusteine. Det var smium mest paa kvar gard den tidi, so kven som helst "kynte" gaa, men det var vel ikkje alle som kunna "holde" so du vart gode. Dei har svalla um det at gofa Eirik Lappregaard var onykte i smium og kynte gaa aat granno. Dei gjorde vel arbeids- byte tenkjer eg. Det vart nok bruket slike gaa her like til i 1860 ell vel det, men i den tidi tok du til aa kjope gaa fraa Telemark, som du berre slifte, Ein me kalha "Lokvirke" fraa Torpo tok ogsa til aa smie slike gaa, so daa vart det slutt med "tynningsarne". Paa sama tid i 1860-70 tok mange til aa laga "slipesteinsstoa" nede ved elvi aa slifte der, so slapp du aa draa... steinen. Kor langi det har vore slipesteinar,

her er nok ingen som veit. Et eit steiftebua
i Dok av 1787 er ved registreringi nemnt
18 Gaar og to slipessteinar og 5 Vigder.

5. Nei nokon slike stein har eg ikkje høyrst um.

Sjölvsagt hadde du slipestein ved husi den tid
daa du laut dra dem. Oftast slipte du i "kvelling"
er, naar du var heime til maale.

6. Det er rimeleg å gjense det etter kor god Gaarn og kor
god slaattekarun er til å passe Gaarn så hann
ikke "steinhogg". Du byt slipa naar du har
"kratt" så ofte med brynet, at Gaarn vert for fjubek.
Summe kan ha sama Gaarn heile øyete 3-4
timar, men no naar motoren drag slipestein,
so det er so letvindt å slipa, so bytter du vanleg
um Gaarn ein gong i øyeten.

7. Nei. Her har me aldri hatt andre slags bryner
ell steinbryner.

8. Du tek Gaarn av orvet naar den skal
slipaast. Me held jamt Gaarn med eggi
mot os naar me slipar. Fyrst eg hugsar
festa me Gaarn til orvet med ei vierbaag.
Naar du riv vier, set vart ^{det} ofte lange dagar.
Du gjörnde du daa til "Gaabaga". Du
bløyte so baagi og vira den ikring "kjör"
paa Gaarn aa slo i ei "Gaaspuku". No brukar
du helst ei riim av bar til å binde Gaarn
i mud, ell du har ein jernring med ein
steruve i.

9. Det er ein jernpigg i bakenden av orvet,
naar du skal kvita, set du piggen i mark
kallar so orvet, so det vert passe høgt. So
tek du med vinstra hand over Gaarn, so
fornelfingen vert oppaa og handi under

4
og flgjar so handi framover, Gaarn, etter
som du kvot. Sigur kvot du paa sama vis,
10-13. Brynubut (in) nokko anna namn

ell butt har eg ikeji hoyrt. Det vanlige
er aa laga brynubutten av ein krumbutt
20 cm lang og umlag 6-7 cm tjukk og breidd,
tek so eit huggjern aa hogg or so sidorne vert
passi tjukk, bottem maa vara tjukkare. So
tek ein ei fjöl som er lidt lenger enn
butten aa set den paa med skruvar ell
spiker. Bakpaa den fjöli som ^{er} lengst
set du i ein krok. No har du antil ei
rim (brynubuttrimm) ikring livet med
ei hempu i til aa hette kroken i, ell
du har ei hempu i broki til det. Butten
maa hanga bak ell lidt paa högre side.
No i det sidste er det mange som har
buttar av blidek. Eg har sett gamle bry-
nubuttar, som var gjort paa ein annan
maat. Du kløyvde krumbutten aa hogd
nokko or kor klaarning, sette so klaarning
garni saman att. So flekte du lange fins
nevvermsur og vira utanpaa hule
butten. At du har baare brynub i horn
kjennir ^{eg} ikeji til. Ein maa jamt ha
vatn i brynubutten, so brynub er fuktigt,
antil det er naturstein ell kunnstein.

14-15-16. Kvataur kallar me det mjölet, som
vert naar ein kvot. Det var nok ei gamal
raad aa ha kvataur paa for ymse skjute-
domar so som ringorm, saare lepar, og
andere hudsjukdomar.

17. Den naturstein me fekk til bryner var som oftist for hard. Eindul av dem var raudbrun aa kallast brund stein. Um den virkelig var brund, veit eg ikkeji. Men so var det noko stein, som var ljos graa, den ogsa vilde oftast vara hard. Du prøvde nok gonsse raader som f. d. leggja dei maarkur ell la dei liggja i vatn i lang tid, men um dei vart betre av dette veit eg ikkeji. Disse brynerne var svært ujamme, so det var eit heilt arbeid aa faa dei slutt. Stundom tok me dei paa slipesteine ell me skarpa og gnydde dei paa ein skarp stein.

18-19 Nokon segn um dette har eg ikkeji høyrst.

20. Nokon slike har eg helder ikkeji høyrst men mange var övers til aa staa aa laate naar dei kvakk. Naar det var hurt og seigt so sa dei gjerne dette steket:
 „Brennvin og Kolla, Gaa
 Seigt slakte og lite paa“

So skal eg segja lidt um Gaaenivon, eit reidskap dei jamt laut ha i bryne = batten den tid daa dei brukte bynnin = gar. Det var eit jern laga umlag som eit stort og sterkt knivsblad i den eine enden. I den andre enden var det eit par hak, som dei kunna setja paa Gaaen um dei vilde vri ell beinke den. Övre enden var det ein spids krok, til aa setja under Gaaenagi aa löyöa den naar dei skulde bytte um Gaaen.

Kniven brukte du til aa skrapa etter
 eggja paa Gaasen naar den vart skjemma.
 Orvi me brukar her er umlag 1.2 mtr langt
 med ein jernpigg i attarendin og to krokar
 (kaggar) til aa halda i naar du slar.
 Summe har berre ein kagg og held i orvit
 med vinstre handi. I gamal tid ikring
 1880 var det summe som brukte "virkending"
 der det var mykje steinfult. Det var eit
 orv ell skaft noko stuttare ell orvit og
 itekeji kaggar. I det hadde du smaar
 Gaa stuttare og spudan ell ein vanleg Gaa.
 Til aa skjara i akeren brukte du "Stejru"
 men i seinare tid "Stattorv" vanleg kalla
 "Sigg". Den er smid som ein Gaa men berre
 ikring 25 cm. lang. Den vort bunde paa eit
 skaft "Siggestaft" som ^{du} held med ei hand.
 Naar siggen vart slitin so den var smal
 brukte Kvinnfolki den til aa skjara gras
 med ikring steinar og kjörr. No er det hilt
 slutt med det. Men fyr ja lite til forrige
 krig var nok ~~stær~~ skikkun den, at du
 skulde slaa og orne kor steinfult det var.
 Men daa vart lövne so höge at du laut
 slutt aa orne der det var so litit paa.
 Desutan tok du mir til med dytsering
 isar paa innmarki, so no kan du bruke
 slaamaskin du fliste.
 Ja dette vart nok mir ell um brynet det
 men truleg vil du höyre um alt gammalt
 og daa har eg hug til aa fortelja.
 I dialekten brukar me den etter i
 flurbalsordi f. a. brymadn, Gaaan, knivaan
 o. s. b.

NORSK ETHOLOGISK GRANSKING
 adr. NORSK FOLKEMUSEUM 195
 BYGDØY